

Årsmelding 2025

Sogndal Turlag



Opning av Sentrumsstiane i Sogndal 20 august 2025. Foto Anne Britt Reppen Halset

Styret i 2025

Leif Longvanes, leiar

Anne Skaar, nestleiar

Arthur Langeland, kasserar

Anne Britt Reppen Halset, styremedlem

Bente Leirdal Sleen, styremedlem

Tom Dybwad, styremedlem


May Britt Sva, styremedlem

Lisbeth Dahle, varamedlem

Astri Knudsen, varamedlem


Medlemstal

Sogndal Turlag har pr. august 2025 1234 medlemmer¹.



Dette er en oppgang frå i fjor på 8,15%. Det er 212 nye medlemmar, og 1022 som har fornya medlemskapet sitt i 2025.

Medlemsskap forelder seg slikt:



Aldersgrupper	2024	2025
0-12	111	132
13-18	58	58
19-25	108	118
26-40	249	279
41-59	289	294
60-66	121	133
67+	214	220
Totalt	1 150	1 234

¹ Medlemsåret i DNT er endra slik at det går frå perioden 1. september til 31. august.



Aktivitet

Styret og drifta av laget

Det har vore gjennomført 8 styremøte med til saman 79 saker. I tillegg er det gjennomført aktivitet og turar i undergrupper som er gjort greie for under. Styret i Sogndal Turlag har hatt eit godt samarbeid med Luster turlag også i år.

Årsmøte i DNT Sogn og Fjordane vart gjennomført 15.03.2024 på Skei der Leif Longvanes deltok frå Sogndal Turlag. På fellesmøte med DNT Sogn og Fjordane den 31. oktober til 2. november deltok organisasjonssekretæren på vegne av turlaget.

Turlaget er drifta av organisasjonssekretær Gry Thyrrestrup i en 30% stilling for Sogndal Turlag. Turlaget samarbeider med Luster Turlag og DNT Sogn og Fjordane om stillinga slik at den til saman utgjør 100%. Gry Thyrrestrup har fått lov til å flytte stillinga til heimekontor i København i eit år frå og med desember 2025 mot at hun utfører 25% av jobben frå Sogndal.

Årsmøte 2024

På årsmøte 26.11.2024 vart vedtektene for Sogndal Turlag endra, og årsmøtetidspunkt endra frå november til februar. Av denne grunn var det ikkje årsmøte i 2025.

Årsmøtet i 2024 hadde to innmeldte saker, i tillegg til ordinære årsmøtesaker: jubileumsnemnd og vedtektsendring. Etter årsmøtesakene var det presentasjon av vandring frå Sogndal til Trondheim med Leif Longvanes.

Turar

Sogndal Turlag, hovud-laget har gjennomført 11 turar med til saman 156 deltakarar. Nokre turar måtte avlysast grunna dårleg vær. Det har vore jamn deltaking i 2025 – vi ser størst interesse for A-B turar som krevjar felles transport for å gjennomføre.

2024	Tal turar	Tal deltakarar
Turlagsturar	11 (15 planlagd)	156
BT Sogndal	10	Totalt 211 barn og 173 vaksne
BT Leikanger	10	469
DNT Ung	1	134
Kajakk turar og kurs	6	19
Sogndal Gålag	21	945
Totalt	59	2107

Hyttene

Det er jamt godt besøk på hyttene og hyttenemndene gjer ein stor jobb med tilrettelegging, vedlikehald og informasjon. I tillegg er det mange førespurnader om hyttene til organisasjonssekretæren. Bestilling gjennom VisBook fungerer godt og med god mobil-dekning på hyttene så ligg det til rette for også å kunne bestille overnatting impulsivt når ein er på hytta.



Det har vore ei god utvikling i besøk på hyttene frå 2024 til 2025 (sjå tabell under). Den store auken på Kjørrdalsselet kjem av at 2025 er første heile driftsår på hytta. Det har blitt arbeid med større prosjekt både på Grøssete og Kollsetestølen og planen er ei større oppgradering på Kollsetestølen i 2026 og på Grøssete i 2027.

Hytte	Gjestedøgn 2025	Gjestedøgn 2024	Inntekt pr. 1.11.24-31.12.25
Grøssete	274	239	47.600
Kjørrdalsselet	241	105	37.250
Kollsetestølen	287	253	40.890

Oversikt overnatting og inntekter på hyttene 2025

[Kollsetestølen](#)

Det er ikkje så mykje nytt å melde sidan i fjor. Det har vore registrert 193 overnattingar i hytteprotokollen. Ved å telle opp Vipps og Visbook ser man at det har vore fleire gjester, det er altså ikkje alle som skriv seg inn i protokollen. Det totale besøkstalet er 253 som er ein liten framgang frå i fjor. Planen for 2026 er å bygge nytt vedskjul/utedo. Elles så har det vore normal drift med frakting av ved og rydding av grantre rundt hytta.

[Grøssete](#)

Det har ikkje vore større dugnad på Grøssete i 2025, berre vanlege aktivitetar som påfyll av ved, gass, stearinlys og toalettpapir. Veden vart levert av Johannes Litlabø i februar. Den vart frakta opp på scooter. Styret har jobba med oppføring av ei sikringsbu og vedlager. Alle grunneigarane i sameiget der oppe er blitt kontakta og dei er positive til dette. Sikringsbu er teikna (av Arne Lerum). Vonleg kan arbeide starte til sommaren. Det blir ei lita hytte på ca. 20 m², med to senger, toalett og vedlager. Dagens toalettløysing i uthuset på Grøssete er ikkje tilfredsstillande, så dette blir ei viktig forbetring av sanitærforholda. Det ein gjenstående arbeid med stien opp frå Kvam med klopper som er lagra i utmarka ovanfor Kvamsfossen. Hytta på Grøssete er populær, og med ny sikringsbu, der også hundar og hundeeigarar kan overnatte, vert den nok endå meir populær.

[Kjørrdalsselet](#)

Bruken av Kjørrdalsselet har vore stor i 2025. Det har vore besøkande frå heile landet, mange lokale og ikkje minst ein god del internasjonale. Mange kjem i små grupper og ofte med heile familien. Det er tydeleg at ein trivast i Kjørrdalsselet, det syner alle dei gode meldingane i hytteboka. Der finn vi fine teikningar frå smårollingane som har vore på overnatting eller dagsbesøk.

Målsetjinga med å setje i stand vollen til lek for dei minste kom ikkje i gang. Samarbeidet med studentane på friluftslina på Campus ga ikkje så mykje. Det å ordne til enkle naturlege leikeapparata vil vere ei målsetjing i 2026. Nokre enkle utebenkar er kome på plass i 2025. Området rett utanfor hytta vart endeleg rydda i desember med oppbrenning av alt av bygningsmaterial mv. Det veks opp



mykje høgt gras om sommaren, så det vil vere trong for å slå vollen kvart år. Forsyning av ved vart gjort med helikopterløft frå Åberge. Stor takk til Anders Fredheim som førte helikopteret særskild nøyaktig for god landing av i alt seks hiv rett ved selet. Og ikkje minst takk til Oddbjørn Eggum som skaffa ved og ordna til for transporten med helisekker.

Det er no ordna med spelemiddelsøknad for å dekkje eigeninnsatsen. Dette vil truleg dekkje mykje av eigenkapital som turlaget nytta til prosjektet og det vil også utløyse rett til momsrefusjon.

Tilsyn har vore jamleg gjennom året med Knut Armand Iversen og Arthur Langeland. Det har ikkje vore skader eller spesielle hendingar, berre vanleg vedlikehald. Elles har fleire turlagsmedlemar vore med på dei nemnde dugnader.

Kajakk

Sogndal Turlag har kajakknaust både i Sogndal sentrum (ved folkehøgskulen) og på Leikanger (ved Leikanger båtlag si hamn). Totalt har det vore 315 bestillingar av kajakk, noko som er ein liten nedgang frå tidlegare år.

I år var det planlagt tre kajakkkurs, eit teknikk-kurs og to grunnkurs havpadling. Teknikk-kurset vart dessverre avlyst grunna få påmelde. Grunnkursa gjekk i april og september med total 10 deltakarar. Onsdagspadlinga har også så smått starta opp med noko varierende deltaking. Vi ønskjer å jobbe vidare med etablering av onsdagspadling i 2026 og planleggjar å arrangere onsdagspadling annakvar onsdag frå mai til september.

Det har heller ikkje i 2025 vore mogleg å etablere kajakkgruppe, men turlaget har engasjert Eivind Aadland som har vore instruktør på kajakkurs og turar. Aadland har også bidratt med å halde tilsyn med kajakkane. Vi har hatt tilsyn med kajakknaustet ved Folkehøgskulen i samarbeid med Sogndal Folkehøgskule og alle kajakkane som ligg i naustet ved Folkehøgskulen skal no vere i orden.

DNT Unge Vaksne Sogndal og Luster

Gruppa Unge Vaksne har hatt noko sporadisk aktivitet i 2025. Det har vore forsøkt å etablere et fast tilbod på måndagar der aktivitetane blir planlagt frå veke til veke. Det har både vore arrangert klatredagar og fellesturar. I samarbeid med DNT Ung i Luster Unge Vaksne hadde dei overnattingstur til Fuglesteg. Her var det 9 deltakarar inklusiv to turleiarar. Gruppa arbeider vidare med å etablere eit fast tilbod til målgruppa.

DNT Ung

Vi har ikkje hatt organiserte turar dei siste året grunna få aktive i leiinga, men vi er med og bidreg på grøn fredag i lag med andre naturvern- og miljøorganisasjonar i Sogndal.

Barnas Turlag - Sogndal

Barnas Turlag Sogndal hadde til saman 10 arrangement i 2025. Om lag 210 born og 175 vaksne har delteke på arrangementa, med hovudvekt av born i 5 til 8 års-alderen. Året starta med «Kom deg ut-dagen» i januar, med skitur frå SIL-hytta til Kollsetestølen. Det var middels skiføre og yr i lufta, men vi fekk med oss 25 barn og 20 vaksne. Elles har vi mellom anna hatt ponnitur, sopptur, orienteringstur, fugletur, sykkelleik og nissemarsj - og på «Kom-deg-ut-dagen» i september samla vi 13 familiar til telttur ved Tungestølen. En nydeleg helg med tur og lek, og lunsj på Tungestølen. Vi annonserer turane i eigen Facebook-gruppe (med 767 medlemar) og på DNT sine nettsider.

Barnas turlag Sogndal har i 2025 vore organisert av Astri Knudsen (leiar), Stine Andresen, Ola Sørensen, Tor Martin Brekkeflat og Anne Skaar.



Foto: Astri Knudsen

Bilde 1: Fugletur til Anestølen

Bilde 2: To nissejenter på nissemarsj til Røvhagane

Bilde 3: Ponnitur til Lerheim i mars

Bilde 4: KDU-dagen på Tungestølen

Barnas Turlag – Leikanger

2025 har vore eit fint og innhaldsrikt år for Barnas Turlag Leikanger, med stor variasjon i turane våre. Me har prøvd å lage eit program som passar både små og litt større born, og som gir rom for både friluftsliv og lek.

I løpet av året har me hatt alt frå fellesturar saman med Speidaren, til overnattingsturar i telt og på hytter. Me har òg arrangert nærturar med aktivitetar som laging av seljefløyter og lammebesøk, og faste favorittar som lommelykt-tur og TURmat-tur. Totalt har cirka 470 små og store delteke på våre 10 turar i 2025.

Nytt i 2025 var at to av turane våre var i samarbeid med Speidaren. Speidaren er ofte neste naturlege stopp på Leikanger for born som likar friluftsliv og som blir litt for store for Barnas Turlag, så det har vore veldig kjekt å få til noko felles opplegg.

Det er òg ekstra kjekt å sjå kor godt Turbohuken blir brukt. Dette er ein gapahuk som Sogndal Turlag og Barnas Turlag Leikanger har ansvar for, og han har verkeleg blitt ein samlingsplass for små og store.

Alt i alt har travle småbarnsforeldre klart å få til mange turar for turfrelste born og vaksne. Me gler oss til 2026 – og me har alltid plass til fleire, både på turane og i styret, om nokon har lyst å vere med!

Sogndal Gålag

Gålaget har gjennomført 21 turar i 2025. Turane har gått kvar tysdag frå og med 29. april til og med 14. oktober, med unnatak av juli månad. I 2025 har det i gjennomsnitt delteke 45 personar. Risikovurdering vert gjennomført for alle turane. Som før er det påmelding til turane noko som fungerer fint. Den årlege overnattingsturen gjekk til Aurlandsdalen Turisthytte på Østerbø 2.-3. september med 31 deltakarar.

I førehandsomtalen av turane er det lagt vekt på informativ og grundig omtale. Me opplever at medlemmane er flinke til å vurdere eigne fysiske føresetnader i høve turen sin vanskegrad. Det har ikkje vore alvorlege uhell på nokon av turane våre.

Tal betalande medlemmer har auka med 19, no er me 264. 126 er medlem i gålaget via DNT-medlemskap, dei resterande 138 er direkte-medlemmer i gålaget.

Styret har vore Arnstein Hauståker, Kari Kitty Stadheim, Rasmus Stokke, Marit Sandvik og Arne Lerum. Vara: Astrid H. Bolstad og Lars Nornes.

Merkenemnda/Stifaddergruppa

Me hadde det årlege møtet på Røvhaugane i Sogndal. Me serverte bollar og kaffi. Det kom fleire nye stifadderar til gruppa vår. Rekrutteringar går nesten av seg sjølv!

Me har merka oppatt gamle stiar, hengt opp litt skilt og har rydda litt der det har vore behov.

Me håpar at arbeidet i gruppa gjer at fleire finn fram på tur. I ei tid der færre er med på organiserte turar og fleire vil på tur sjølv, er arbeidet i denne gruppa svært viktig og noko me i styret er takksame for at me har so god kontroll på. Takk til alle flinke og pliktoppfyllande medlemmar i gruppa!




Tordis (på bildet) og Anny er stifadderar på Vinkjellaren, eit av dei nye turmåla, som ligg mellom Lerheimstølen og Slakkafjellet.

Turpostgruppa

I år arrangerte me ikkje premiering for å samle turpostar etter at færre har delteke dei seinare år. Men vi informerer på nettsidene om turpostane, som er lett tilgjengelege med turskildring, skilt og merking, og postkasse med bok. Vi ser at mange skriv seg inn i turbøkene og nyttar Sjekk-UT.

Økonomi

Dei to føregåande åra til turlaget (2023 og 2024) var prega av større økonomiske løft for laget. 2025 har vore eit år for konsolidering og det blir lagt fram eit rekneskap med om lag 380 000 kr i overskot. Likviditeten er også god.



Avtalen med samarbeidsparten Luster Sparebank gjev årlege driftsinntekter og det er også inngått avtale med rekneskapspartner Aider Sogndal som gjev fast inntekt i avtaleperioden. I 2025 fekk laget også, for første gang, eit mindre driftstilskot frå Sogndal Kommune. Elles blir det arbeid betre enn tidlegare med søknad om midlar til prosjekt og utviklingstiltak. Dette arbeidet krev kontinuitet og kapasitet, noko som laget i stor grad kan takke organisasjonssekretæren Gry Thyrrestrup for at vi har. Samla meiner Styret at Sogndal Turlag har god økonomi som legg til rette for nye satsingar.

Sogndal 11.02.2026.

Leif Longvanes, leiar
Anne Skaar, nestleiar
Arthur Langeland, kasserar
May Britt Sva, styremedlem
Astri Knudsen, varamedlem

Anne Britt Reppen Halset, styremedlem
Bente Leirdal Sleen, styremedlem
Tom Dybwad, styremedlem
Lisbeth Dahle, varamedlem